

Tryggheim sin elev-pc for USK-elever hausten 2024:



Tryggheim ungdomsskule ynskjer at elevane skal leiga berbar datamaskin så lenge dei går på skulen. Datamaskinane som skulen leiger ut vil vera av god kvalitet og vil innehalda Windows, antivirus, Microsoft Office og det som elles er nødvendig av program i skulekvardagen. Dei vil og vera klare til bruk på skulen sitt nettverk. Skulen vil ha tilgjengelege reservemaskinar til dei som leiger, om det skal bli nødvendig med service på PC-en.

Maskinen har følgjande spesifikasjonar: Notebook Lenovo 500W Yoga Gen4 Intel N100 cpu, 8 GB Ram, Wifi 6, 12.2 WUXGA, 128GB SSD, usb-c lader, bluetooth, HDMI, Windows 11 og uhellsbeskyttelse. Den har og passert uthaldingstestar på MIL-nivå og eignar seg difor godt til litt tøffare skulebruk. Meir info her:

https://psref.lenovo.com/Product/Lenovo/Lenovo_500w_Yoga_Gen_4

3-årig forsikring mot utilsikta uhell følgjer med. Garantien gjeld altså ikkje uhell som skyldast uaktsom bruk, til dømes om ein legger noko på tastaturet og så lukker skjermen så han knuser. Meir om garanti og unntaka under C1 side 4 og C4 side 5 her:

https://download.lenovo.com/lenovo/lsw/lenovo_pc_devices_services_agreement_norwegian_emea.pdf Maskinen blir reparert av eigne Lenovo-teknikarar så snart det er mogleg /er deler på lager.

Ved leige av datamaskin over tre skuleår vil eleven kunna overta datamaskinen vederlagsfritt. Kontrakten har to månader oppseiingstid, og denne vil tre i kraft dersom eleven seier opp leigeavtalen eller sluttar ved skulen før dei er ferdige med 10.trinn. Prisen for leige samsvarar med utstyrsstipendet for Tryggheim vgs

for skuleåret 24/25, (skuleåret 23/24 er dette kr 1196,- og vil nok auke noko for 24/25). Betaling for leige-pc blir fordelt på 10 månadar kvart skuleår.

Er det spørsmål om denne ordninga, kan de ta kontakt med IKT-avdelinga ved å senda e-post til ikt@tryggheim.no.



Svarfrist 15.april 2024

Leige av berbar PC på Tryggheim ungdomsskule

Namn elev: _____

- Eg ønskjer å leiga berbar PC frå Tryggheim ungdomsskule frå og med skuleåret 2024/2025
- Eg ønskjer IKKJE å leiga berbar PC
- Elev og føresette har lest lenker som gjeld forsikringsordning <https://usk.tryggheim.no/informasjon/>

Underskrift elev: _____

Dato _____

Underskrift av føresette:

___ Dato _____